

95 år

Bjarne Stråtveit, Voss, fyller 95 år fredag 2. mars.

85 år

Gjertrud Aslaug Ure, Voss, fyller 85 år i dag, torsdag 1. mars.

75 år

Eli Wal Hallanger, Ulvik, fyller 75 år i dag, torsdag 1. mars.

Magnhild Reime, Voss, fyller 75 år i dag, torsdag 1. mars.

Sigrid Nilsen Sæd, Øvre Eidfjord, fyller 75 år i dag, torsdag 1. mars.

70 år

Eldfrid Kvamme, Stamnes, fyller 70 år fredag 2. mars.

60 år

Jan Anders Rene, Voss, fyller 60 år i dag, torsdag 1. mars.

Wenche Ragnhild Waldemarsen, Evanger, fyller 60 år i dag, torsdag 1. mars.

Kjellaug Møen, Voss, fyller 60 år fredag 2. mars.

50 år

Linda Froestad Riber, Eidfjord, fyller 50 år i dag, torsdag 1. mars.

■ **Til lukka**Hurra!!!
ELIAS TRÆEN
vart 10 år 27.02.
Kjempeglade i deg.Bursdag klem frå
**mamma, pappa
Oskar og
Mattis**Hipp hipp
hurra for
**HÅKON
WINTER
SKJERVHEIM**
som fyller 4 år
i dag 1. mars.
Stor
bursdagsklem!
**Bestemor
og bestefar**
på VossHipp hurra for
**HÅKON
WINTER
SKJERVHEIM**
som fyller 4 år
1. mars! En blid
og god gutt som vi
er veldig glade i.
Ønsker deg alt det
beste på dagen din.Mange bursdagsklemmer fra
Olav, mamma og pappa■ **Goabadne**

Marit Mo Åsebø og Asbjørn Åsebø fekk ei jente, Ingvild, på Haukeland 15. oktober 2017. Sigrid vart stolt storesyster den dagen ho sjølv fylte på 2 1/2 år.

Meningsfylt kvardag

Vaksdal kommune vil laga tenester tilpassa demente. Målet er å gje folk med diagnosen ein meir meningsfylt kvardag.

► **DALE**

På eit ope møte i Turbinen tisdag, der eit femtitals personar hadde møtt fram, vart det gjeve grundig informasjon om kva diagnosen demens er og kan føra til. Møtet var også startskotet til at Vaksdal kommune førebur seg på å laga tenester for denne gruppa, som er mest mogleg tilpassa brukarane.

– Dersom mange nok melder seg til samtalegruppene me skal ha i gang, så kan me starta prosjektet i løpet av nokre veker, forklara forskar Oscar Tranøy, forskar ved senter for alders- og sjukeheimsmedisin ved Universitetet i Bergen.

Han forklara at ein treng fleire grupper; ei med personar som har demens, ei anna gruppe med pårørende, og gjerne endå ei med personar som har vore pårørende, og som har erfaring frå dette.

Rapport

– Det me finn ut når me stiller spørsmål og har samtalar om korleis desse personane har det og kva som skal til for å gje ein god kvardag, vil enda opp i ein rapport som kommunen får. Den vil vera med og danne grunnlaget når tenesta for personar med demens, skal utviklast, sa Tranøy.

Han lova også at resultatane kjem til å verta presenterte og publiserte i vitskaplege tidsskrift.

– Det er ikkje mykje me veit om akkurat dette temaet, og det er svært lite forskning i det heile. Så kommunen fortener ros for å ha sett prosjektet i gang, meinte Tranøy.

Mange med diagnosen

I Vaksdal kommune er det etter folketal og alderssamanstelling rundt 100 personar med demens. – Når me kan rekna at kvar av dei har tre-fire pårørende, så vert dette ei stor gruppe, sa kommunalsjef for helse og omsorg i Vaksdal, Solrun Hauglum. Ho oppmodar også flest mogleg til å melda seg til prosjektet som no skal starta.

– I dag reknar me med at det er rundt 80.000 personar i landet som har diagnosen demens. I 2040 vil talet vera dobla. Årsakene kan vera fleire – folk lever lenger, det vert fleire eldre – og fleire får diagnosen, sa Tranøy.

Når ein tek med talet på pårørende, så vil det vera rundt ein halv million menneske i denne gruppa om vel 20 år, sa Tranøy.

Tranøy sa vidare at demens er som eit samleomgrep på sjukdomen, som er delt opp i mel-

lom anna Alzheimer, vaskulær sjukdom (åreforkalking) og senil demens.

– Diverre er dette området framleis tabubelagt og mange føler også skam. Difor er det viktig at me snakkar om temaet, og eg er optimist i så måte. Me skal klara å gjera forholda for dei med denne diagnosen betre, håpa forskaren.

Tranøy gjekk så vidare og forklara nærare verknadene av sjukdomen, som kan føra til angst og forvirring, avmakt, tap av kontroll og sjølvkjensle.

– Og det vert utfordrande både for den det gjeld, og for alle dei som står rundt og er glade i vedkomande, understreka Tranøy.

– Me har ingen kur mot demens i dag, men forskinga held fram, slo han fast.

Pårørende

Rune Samdal har ein deltidstilling ved same senteret som Tranøy jobbar ved, og er eigentleg utdanna advokat.

– Eg har opplevd nesten på kroppen kva det vil seia å vera pårørende. Både til nær slekt i tenåra, og ikkje minst til min eigen ektefelle som har vore sjuk i mange år, og som no er på sjukeheim, forklara han.

Sjølv har han erfaring frå Bergen kommune, og her kunne det vera ein kamp å få tilboda ein har krav på dei fyrste åra.

– Det har nok endra seg no heldigvis, og det finst mange gode tilbod som ein som pårørende både kan og bør nytta seg av, meinte han.

Ein lang veg

Samdal sin veg frå kona vart sjuk fram til no, var både lang og kronglete.

– Med uro når eg ikkje kunne vera hjå henne, og vanskar med å få kontakt var det også fleire gonger når eg ikkje kunne vera heime, sa han.

No besøkjer han kona si kvar dag, og han har opplevd ulik kvalitet på tilbodet ho får, alt etter kven som er på vakt og kor travelt det er.

– Når kona mi får den oppfylginga ho treng av kompetente personar, så er ho glad og nøgd. Om ikkje vert ho nedstemt og lei seg, og det er enkelt å sjå når eg kjem, forklara han.

Samdal kunne tenkt seg meir fleksible og differensierte løysingar i tilbodet som vert gjeve til denne gruppa i dag.

– Kommunikasjons- og sensorløysingar kan også betra livssituasjonen. På same måten som ein proaktiv oppfølging og ein kundevenleg, kommunal administrasjon kan gjera det same, understreka han.



TA KONTAKT!: Forskar Oscar Tranøy og kommunalsjef Solrun Hauglum, ber folk som har erfaring med og interesse for framtidige tenester til personar med demens, og deira pårørende, om å melda seg.

FOTO: JAN-EGIL DYVIK

I så måte hadde han ikkje berre gode møte med forvaltingskontoret, la han til.

– Dei har sine retningslinjer som ikkje eg som brukar kjenner, og som ikkje alltid er heilt i tråd med dei rettane som er nedfelte i loven tilseier, sa Samdal.

Forpliktande oppgåver

Kompetanse og kvalitetssikra sjukeheimsdrift er eit anna område der det finst forbetringspotensial, meinte han.

– Og så er det fint med brukarmedverknad, slik de legg opp til. På same måten som

det er meir og meir populært å bruka frivillige inn i tilbodet til brukarane, påpeika han.

Dei frivillige er viktige, ingen tvil om det. Det kan gje begge partar gode opplevingar.

– Men, eg kunne gjerne tenkt meg at fleire pårørende også hadde vorte inviterte til å ta på seg forpliktande oppgåver. Det vil heilt sikkert vera gjevande for alle partar som skal arbeida med og utvikla eit meningsfylt tilbod til personar med demens, avslutta Samdal.

► **Jan-Egil Dyvik**

jed@avisa-hordaland.no

På denne sida vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til årsmøtsdagar. Redaksjonell tekst og bilete til denne sida kan sendast til: redaksjon@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.

GRATULASJONSHELINGAR
Kr 125,-. Hugs foto av god kvalitet og fullt namn på den som vert gratulert. Annonser til denne sida kan sendast til: annonse@avisa-hordaland.no, faks 56 53 03 08, tlf. 56 53 03 00, Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss, eller leggjast i postkassane våre på VIMI-bygget eller Svartenakken.

BILETE: Vil du kjøpa bilete som Hordaland har teke, så ta kontakt med sentralbordet, tlf. 56 53 03 00.

ing med demens



ERFARING: Rune Samdal har ein ektefelle som har levd med demens i mange år. Han rosa kommunen for å ta initiativ til å finna ut både kva dei som har diagnosen og pårørande, meiner skal til for å gje eit meningsfylt tilbod.
FOTO: JAN-EGIL DYVIK

Sentrumstreff med soknepresten

VOSS: Soknepresten vår, Kjersti Brakestad Boge, er gjest på Sentrumstreffet i Kafe Kveik sine møtelokale, Vangsgt. 46. komande måndag. Ho står fritt med emne, men me veit ho har mange oppgåver og stort engasjement i kyrkja. Olav Trå spelar til allsongen. Og som vanleg får me supplensj, kaker og kaffi/te. Kom gjerne i god tid og nytta høve å møte gamle kjenningar og verta kjend med nye! Kanskje nokon ventar å treffa nett deg denne gongen? Vel møtt!

Per Helleve

Tur til Bordalsfjella

VOSS: 4. mars arrangerer Voss Utferdslag tur til Bordalsfjella. Turen denne gongen er ein rundtur til Rong-Tinden-Helgaset-Allmenningen-Rong. Me startar frå parkeringplassen på Rong, og går etter stølsvegen oppover til Vargarhytta. Vidare går me opp Trappfjellet, og opp til Tinden, 982 moh. Etter ein lengre pause på Tinden, skrifer me nedover mot stolane på Helgaset. Frå Helgaset går turen heimatt via Allmenningane, før me endar på Rong. Turen er middels tung.

Arne Brakestad og Brynjulv Olde, turleiarar

73.250 kr til heidersmerke

VAKSDAL: Formannskapet løyvde måndag 73.250 kr til å kjøpa og setja opp minnesteinar og minneplakettar. Det er Steinriket Dale AS, som har fått oppdraget. – Det som skal setjast opp på Vaksdal ved Synken, håpar me å få på plass til 1. mai, og plakettane på Eidsland og i Eksingedalen til 17. mai, forklara fungerande ordførar Sigmund Simmenes (Sp) til formannskapet. På dei to sistnemnde stadane er det ikkje avgjort kvar heidersmerka skal setjast opp. – Det skal bygdene og grendelaga sjølv finna ut av, sa Simmenes på spørsmål frå Magne Hestad (Ap).

Treng du hjelp....

med mat eller kle?
Eller treng du nokon å prata med?
Ta kontakt med oss på tlf. 48 89 79 35.
Me er her for å hjelpa!



Dødsfall



Vår alles kjære

**Kristense
Bakketun Eie**

født 17. januar 1926

døde fra oss i dag.
Oslo 19. februar 2018.

Steinar

**Barnebarn
og oldebarn**

Øvrige familie

Bisettes fra Alfaset gravlunds kapell tirsdag 6. mars kl 14.00.

Preikelista

Sundag 25. februar

I Mjølfjell kapell kl 10, gudstene v/Boge. Nattverd.

I Vaksdal kyrkje kl 11, gudstene v/ Bø. Dåp. Nattverd. Takkoffer til HimalPartner. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

I Granvin kyrkje kl 11, gudstene v/ Haaland. Dåp og nattverd. Takkoffer til Blå Kors.

I Oppheim kyrkje kl 11, gudstene v/ Torsvik. Nattverd.

I Vangskyrkja kl 19.30, gudstene v/ Boge. Tomasmesse. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

St. Olavs senter kl 11, katolsk messe.

GRAVSTEINAR

Polert- og naturstein

Velg rett frå utstillinga i verkstaden.

Tilføyning namn/Oppussing/
Omsliping/Gjenbruk

Per Vinje, Tlf. 90 85 20 99
post@stein-merke.no

STEIN & MERKE

Sorgbinderi

**Fagmessig utført,
etter dine ynskje!**

Stort utval i kransar,
bårebukettar, dekorasjonar
og kondolansebukettar.



Blomhjørna Voss

VANGSGT. 23, 5700 VOSS
TLF. 56 51 12 85